



POLITIET

Ordførarar/varaordførarar i Vest politidistrikt
Fylkesordførarar/fylkesvaraordførarar
Fylkesmenn
Elektroniske postmottak

VEST POLITIDISTRIKT

Dykkar referanse:

Vår referanse:
201603042-1 011.2

Stad, Dato:
Bergen, 20.06.2016

NÆRPOLITIREFORMA - INVOLVERING AV KOMMUNANE I VEST POLITIDISTRIKT

Bakgrunn

Som kjent er Nærpolitireforma under innføring i landet sine 12 nye politidistrikt. Eit solid fleirtal i Stortinget stilte seg bak innstillinga¹ til Justiskomiteens og vedtak blei fatta 10.06.15. Politidistrikta har fått tre oppdragsbrev frå Justis og beredskapsdepartementet² (JBD) og "Rammer og retningslinjer" frå Politidirektoratet (POD) av 11.05.16. Den 7.6.16 fekk politidistrikta oppdragsbrevet som pålegg politidistrikta å starte gjennomføringsfasen av strukturdelen av reforma. Vi er nå klare for å starte prosessen med endring av organisasjonsstrukturen i Vest politidistrikt.

Vi ønskjer involvering av kommunane i prosessen med å endre politidistriktet sin struktur, og dette er ein viktig og prioritert del av arbeidet vi står ovanfor. Stortinget har gitt klare føresetnader og pålegg om slik involvering i forhold til sakshandsaming og det å delta i fora som kan anbefale retning og prosess undervegs. Vi ser fram til samarbeidet med kommunane, og ønskjer å starte involveringa så snart det lar seg gjere.

Hovudtema for samhandling med kommunane gjeld arbeid med den delen av politiet som omtales som tenesteområde og tenestestad. Det vil si lensmannsdistrikt/politistasjonsdistrikt og dei fysiske kontora politiet opererer ut frå.

Når det gjeld detaljane i prosessen syner eg til dei overordna dokumenta som er vedlagt.

Gjennomføring

Dette brevet utgjør den formelle starten på ein prosess. Mange kommunar i Vest politidistrikt har allereie fått orientering om dei prosessar som no startar og som involverer den enkelte kommune. Politidistriktet er òg i kontakt med KS i begge fylka. "Bergensalliansen" har vi førebels ikkje hatt møte med, men vi ønskjer gjennom kontakten med KS å få råd om korleis forankringsarbeidet i kommunane reint praktisk bør gjennomførast i ein tid der mange kommunar er opptatt med kommunereforma.

¹ Innst 306S (2014-2015)

Vest politidistrikt

Bergen
Post: Postboks 285 Sentrum, 5804 BERGEN
Besøk: Allehelgens gate 6

Tlf: 55 55 63 00
Faks: 55 55 65 50
E-post: post.hordaland@politiet.no

Org. nr.: 983 998 461
Giro:
www.politi.no

Eit av krava til involvering av kommunane er at det i politidistrikta skal opprettast ei styringsgruppe som politiet skal leie. Dette går fram av oppdragsbrevet frå JBD:

"Tjenestestedsstrukturen skal baseres på politifaglige vurderinger og samtidig ha lokal forankring. Det skal i hvert politidistrikt opprettes en styringsgruppe som ledes av politiet. Gruppen skal som et minimum bestå av representanter for politimesteren og de berørte kommunene.

Styringsgruppen skal utforme mandat for vurderingen av tjenestestedsstruktur og godkjenne plan for involvering av lokalsamfunnene. Styringsgruppens arbeid skal sikre at kommunenes forventninger og prioriteringer til polititjenestene kommer tydelig frem. Styringsgruppen skal gi politimesteren tilråding."

Dei førebelse tidsfristane er stramme. For at styringsgruppa skal kunne fylle si rolle innanfor dei fristane som gjeld, jf. neste avsnitt, er det viktig å etablere styringsgruppa snarast mogleg. Derfor ønskjer vi at kommunane innan 12.8.16 skriv til Vest politidistrikt og opplyser om kommunane sin representasjon kan la seg gjennomføre gjennom regionråd, KS eller andre samarbeidsordningar kommunane i mellom.

Vi ønskjer også å invitere ordførarar, rådmenn, fylkesordførarar og fylkesmenn til felles informasjons og dialogmøte som vil omhandle reformarbeidet i Vest politidistrikt onsdag 24.8.16. Vi vil kome tilbake til dette i eigen invitasjon.

Kommunane vil få tilsendt brev om høyring innan 14.10.16, med svartfrist for høyring innan 1.12.16. Forslag om tenestestadstruktur skal sendast politidirektøren innan 16.12.2016. Vi ønskjer å etablere tettare kontakt med kommunane i forkant av høringa og vi foreslår ein høyringskonferanse i Bergen måndag 03.10.16. På konferansen vil vi leggje fram rapporten frå Vest politidistrikt si interne arbeidsgruppe med alternative forslag til tenesteområder og tenestestadstruktur. Vi vil i godt tid før konferansen sende ein meir formell invitasjon med informasjon om tid og stad.

I tida framover vil vi prioritera kontakt med dei kommunale organisasjonane. Vi har eit sterkt ønskje om å bli invitert til ulike fellesarenaer som kommunane har seg i mellom, for å gjere nærare greie for sjølve reformarbeidet og prosessen vi saman skal gjennom før arbeidet kan fullførast.

Med helsing

Kaare Songstad
politimeister

Helge Stave
lensmann - prosjektleiar

Dokumentet er elektronisk godkjend utan signatur.

5 vedlegg